



ÅRSMELDING SKULEÅRET 2015-16

SKULE: Sagstad skule

<i>Nøkkeltal GSI .2015-16</i>		
	Tal	Evt. kommentar
Elevtal skule	376	
Elevtal SFO	166	
Tal lærarar	34	
Årsverk ped. Personale	29,9	
Assistentar, årsverk	9,17	
Årstimar utført av undervisningspersonale	22178	
Årstimar gitt til ordinær undervisning	14440	
Lærartimar til spesial-undervisning §5-1	3648	
Administrasjonsressurs i %, Rektor/inspektør	100	

<i>Læringsmiljø</i>		
Tema	Mål/tiltak	Resultat/vurdering
Elevundersøkelsen		Sagstad skule har framleis gode tal på elevundersøkinga. Samla sett ligg ein på same nivå som skuleåret 2014/2015.
Betre læringsmiljø	Satsingsområda frå Betre Læringsmiljø vert vidareført. <ul style="list-style-type: none">- klasseleiing- relasjonar- reglar og konsekvensar- læringstrykk	Dette skuleåret har vi hatt fokus på relasjonar, og då spesielt på relasjonen mellom lærar og elev. Dette har vært positivt for alle partar der vi har fått auka fokus på læraren sitt ansvar og læraren sin rolle i høve til støttande relasjonar for elevane.
Zero	Det overordna målet er ein	Handlingsplanen er vedtatt i SU og

	<p>nullvisjon når det gjeld talet på elevar som opplever at dei vert mobba. For å nå dette har vi arbeidd med kompetanseheving i personalet og utarbeiding av handlingsplan mot mobbing.</p>	<p>er i aktiv bruk. Resultatet frå elevundersøkinga skuleåret 2015/2016 visar ei liten auke i talet på elevar som opplever seg mobba. Handlingsplanen skal reviderast hausten 2016.</p>
Trivselsprogrammet	Vidareføre trivselsprogrammet	<p>Trivselsprogrammet er ein viktig del av skulen sitt førebyggjande arbeid mot mobbing. Det at alle elevane har noko å gjere på i friminutta medverkar til at resultatane på elevundersøkinga går riktig veg.</p> <p>Trivselsprogrammet er og viktig i høve til regelmessig fysisk aktivitet.</p>
Fysisk skulemiljø inne		<p>Skulen er meir eller mindre full. Vi har vanskar spesielt i høve til grupperom. Vi ser fram til utbygginga.</p>
Fysisk skulemiljø ute		<p>Skulen har for lite uteareal. Ein bør jobbe for ei arealutviding så raskt som råd er.</p>
Miljøfremjande tiltak	<p>Skulen arrangerer turdagar med fokus på trivsel, aktivitetsdag, fotballturnering, skidag for dei eldste elevane, blime-dans, glattime, zero-show.</p>	<p>Alle desse tiltaka er medverkande til god trivsel hos elevane.</p>
IKT for elevane	<p>Skulen ønskjer å vere rundt landssnittet når det gjeld elevar pr. pc.</p>	<p>Skulen fekk hausten 2014 kjøpt inn eit klasesett med bærpere pc-er. Vi har nå to sett. Vi bør på sikt kjøpe to sett til. Med dagens status kan kvar klasse nytte pc litt over to timar i veka.</p>

Eleven sitt læringsutbytte

Tema	Mål/tiltak	Resultat/vurdering
Undervegsvurdering	Alle føresette skal ha tilgang til undervegsvurdering i Visma Flyt	Skulen brukar Visma Flyt skole til skiving av vurderingar til utviklingssamtalane. Desse vurderingane er tilgjengelege for føresette og det er formidla ei forventning om at føresette har lese gjennom vurderinga før utviklingssamtalen. For oss har dette vore positivt og ein har fått meir ro rundt samtalen ettersom ein ikkje må formidle mykje informasjon på veldig kort tid. Lærarane har ein instruks i høve til korleis vurderingane skal skrivast.
Sluttvurdering		
Leksehjelp	Skulen har endra tilbodet om leksehjelp til å gjelde dei eldste elevane. Dette skuleåret har 4.-7. klasse hatt tilbod om leksehjelp 2 timar i veka.	Skulen har hatt 24 elevar som har gått på leksehjelp. Vi ser at med denne endringa er det fleire av dei elevane som verkeleg treng leksehjelp som nyttar seg av tilbodet.
Særskilt språkopplæring	Målet med særskilt språkopplæring er at elevane skal kunne følgje ordinær opplæring.	Skuleåret 2015-2016 har skulen hatt 17 elevar som har hatt særskilt språkopplæring. Skulen har til saman brukt 21 timar i veka på dette elevane. Dei fleste av desse elevane har no gått over til ordinær opplæring.
Spesialundervisning	Målet med spesialundervisninga er at elevane som får det får eit likeverd opplæringstilbod.	Andelen elevar med spesialundervisning er framleis aukande. Dette har vore tema på fleire personalmøte og er noko vi jobbar med å endre. Vi har for hausten 2016 styrka norsk og matematikk med ein ekstra pedagog på kvart trinn for på sikt å kunne redusere talet på elevar med spesialundervisning.
Lokalt læreplanarbeid		Lokale læreplanar reviderast kvar haust. Nokre trinn treng nye planar for skuleåret 2016/2017.

Faglege resultat

Tema	Mål/tiltak	Resultat/vurdering
-------------	-------------------	---------------------------

Nasjonale prøvar	Skulen har som mål å vere over nasjonalt snitt på nasjonale prøvar etter 2015.	Sagstad skule er eit stykke i frå der vi ønskjer å vere på nasjonale prøver. Vi har for stor del av elevar på nivå 1. Vi har implementert ein instruks for korleis ein skal førebu elevar og tilsette til nasjonale prøvar, vi har endra læreplanane med meir fokus på grunnleggjande dugleikar. Vi reknar med dette vil gje resultat over tid. I tillegg har vi frå hausten 2016 styrka kvart trinn med ein ekstra pedagog i norsk og matematikk.
Eksamen		
Grunnskulepoeng		

Medarbeidarar		
Tema	Mål/tiltak	Resultat/vurdering
Etterutdanning	Skulen har som mål å ha medarbeidarar som meistrar arbeidsoppgåvene sine.	Hausten 2015 gjennomførte vi kurs med HMS Gruppen om korleis vi skal handtere utagerande elevar.
Vidareutdanning	Skulen har hatt 3 lærarar på vidareutdanning skuleåret 2015/2016. Det er ønskjeleg å få vidareutdanna lærarar kvart år for å oppfylle krava til undervisningskompetanse.	Skulen ser det som viktig at vi får fagleg påfyll i høve til ny og forskningsbasert kunnskap og elevane si læring i dei prioriterte faga.
Leiarutdanning		
Utviklingsarbeid	Utviklingsarbeid 2015/2016 har vært Zero, Leselos og Støttande relasjonar.	Skulen har jobba godt med dette. Zeroplanen er i bruk. Leselos vil bli ein del av den kommunale leseplanen og vil bli eit nyttig verktøy i åra som kjem. Vi veit at støttande relasjonar er viktig for læringsutbyttet til elevane. Skulen scora og litt lavt på dette punktet på Elevundersøkinga. Vi har derfor valt å bruke mykje tid på det våren 2016.
Medarbeidarundersøkinga	Gjennomført, men ikkje analysert. Skal gjerast på samling i leiargruppa.	
IKT	Bærpar pc til alle tilsette. Kunnskap om bruk av digitale verktøy i skulekvardagen.	Alle tilsette har eigen bærbar pc. Skulen driv noko intern opplæring i bruk av verktøya lærarane treng på Sagstad skule. Alle klasserom har digital tavle.

Kompetanseutvikling		
Tema	Mål/tiltak	Resultat/vurdering
Leiaropplæring, skuleleiarar		
Pedagogar	Skulen har jobba med å utnytte kompetansen som er i personalet. Skulen ønskjer å sende lærerar på forlagskurs for å få fagleg påfyll.	Dette har vore nyttig. Skulen har sett av tid til erfaringsutveksling i høve til faga norsk, engelsk og matematikk og har hatt jamlege faggrupper med fokus på dette. Skulen har fått auka talet på lærerar som har vært på forlagskurs. Dette er løyst med intern omorganisering for å unngå vikarbehov.
Andre tilsette	Målet er at alle skal ha den kompetansen dei treng for å meistre jobben sin.	Skulen har hatt ein assistent på kurs i tegn til tale.

Vurdering av andre område		
Tema	Mål/tiltak	Resultat/vurdering
Samarbeid med andre (BUP, PPT, Barnevern osv.)	Skulen har mål om eit godt samarbeid med eksterne samarbeidspartar.	Ingen merknader.
Samarbeid heim-skule (utviklingssamtalar og foreldremøte)	Skulen legg opp til eit godt samarbeid med heimen.	Vi har fokus på skule-heim samarbeid på foreldremøtet om hausten. Om våren har vi fokus på mobbing, i eit tett samarbeid med FAU. Erfaringa frå foreldremøtet i vår er at oppgåvene og rollene må definerast tydelegare.
Rådsorgan ved skulen.		Skulen har eit godt samarbeid med FAU. SU/SMU har regelmessige møter.
Undervisning på alternativ opplæringsarena.		Skulen har to elevar på alternativ opplæringsarena. Samarbeidet der fungerer godt.

Skulefritidsordninga		
Tema	Mål/tiltak, aktivitet	Resultat/vurdering
Fysiske tilhøve		SFO lokala er for små. Skulen nyttar klasserom for å ha nok areal. Liten plass gjev oss og

		utfordringar i høve til mat for borna. Det er ikkje tenkt utviding av SFO i samband med utbygging.
Personalsituasjon	Målet er 1 vaksen pr 16 born.	Personalsituasjonen på SFO er grei.
Samarbeid SFO og skule		Skule og SFO har eit godt samarbeid.

Skulane sitt kontrollarbeid		
Tema for kontroll	Lovbrot	Tiltak
	Særskiltspråkopplæring og krav om kartlegging. Elever får ikkje opplæring i det språket dei har krav på. Mangel på rett fagkompetanse/personell og ressurser til å tilsette.	Melde behov om ekstra ressurser i budsjettarbeid. Søke om midler frå flyktningsfond
Klager	Tema	Antall
	Kapittel 9a. Elevane sitt skolemiljø	3
Risikoområder	Tiltak	
Vurdering for læring – « Hvor ofte får du tilbakemeldinger fra lærerne som du kan bruke til å bli bedre i fagene?»	Skulen har satt i gang eit eget prosjekt knytt til relasjonskompetanse. Forskning: god relasjon til eleven må koplast parallelt til det sosiale og det faglige. Lærere er delt i grupper. Dei har vurdert egen praksis, har satt seg egne utviklingsmål og observerer kvarandre. Arbeidet vil fortsette neste skuleår	
Sikrar skoleleiinga at dei tilsette informerer foreldre og elevar om at dei kan be om tiltak som gjeld det psykososiale miljøet?	Bevisstheten om dette må opp i personalet. Skulen har tidlegare gått gjennom §9a med personalet. Dette må repeterast.	
«Varlar dei tilsette skuleleiinga når dei får kjennskap/mistanke om krenkjande ord eller handlingar?»	Rektor vil følgje opp aktuelle lærere og team.	

Dato: 26.08.16 Underskrift rektor: Magne Lædre (s)